

Kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore
Sanner
Forsknings- og høyere utdanningsminister Iselin
Nybø
Kunnskapsdepartementet
Stortingsbenken for Hordaland
Stortingsbenken for Sogn og Fjordane

Dato: 19.12.2019
Vår ref.: 2019/125-5
Saksbehandlar: Anita Fjellheim
Dykkar ref.:

Fråsegn om å styrke medisinedanninga på Vestlandet

Vestland fylkesting har i møte 17.-18. desember 2019 samrøystes vedteke slik fråsegn:

Styrk medisinedanninga på Vestlandet – behald utdanninga ved Universitet i Bergen

Grimstadutvalget leverte i september 2019 sin innstilling «Studieplasser i medisin i Norge - Behov, modeller og muligheter» til Kunnskapsdepartementet.

For å kunne dekke landet sitt legebehov er det trong for 440 nye studieplassar på medisin i Norge. Vestland fylkesting meiner det er avgjerande at fordelinga av desse nye studieplassane sikrar ei robust og slagkraftig medisinedanning, og at vi samstundes sikrar at vi har nok legar i vårt geografiske område. Universitetet i Bergen har utvikla ein visjon om å utdanne «Vestlandslegen»; legar på Vestlandet, for Vestlandet, som eit pedagogisk kompetanseløft i heile landsdelen. Planen skal ikkje berre tene studentane, men og tilføre heiletenestene i Helse Vest akademisk kompetanse, styrke kvaliteten og konkurransekrafta i forskingsmiljøa, betre samarbeidet mellom helseføretaka og betre rekrutteringa i regionen. For å nå desse måla meiner Vestland fylkesting at det ikkje bør startes eit eget medisinsk fakultet i Stavanger, men heller bygga oppunder det tilbodet som allereie er utvikla ved Universitet i Bergen.

Vestland fylkesting støtter således opp om utvalgets medlemmer Grimstad, Hunsjør og Straume som anbefaler «at det i den foreslåtte opptrappingen av studieplasser ikke gis gradsrettigheter for profesjonsstudiet i medisin til flere universiteter enn dagens fire.»

Ei oppdeling av medisinedanninga på Vestlandet vil få mange uheldige konsekvensar. Det vil både vere svært kostnadskrevjande, det gjer dårleg utnytting av eksisterande fagleg og administrativ infrastruktur og det vil føre til mindre konkurransekraft om norske og internasjonale forskningsmidlar. Ein fordel med ei samla utdanning er at utdanningsinstitusjonen kan sjå heile landsdelen under ett, og sikra at heile Vestlandet vert tatt i bruk når studentane skal ut i praksis, slik UIB allereie gjer ved sjukehusa i Bergen, Førde, Haugesund og Stavanger. Dette gjev rekruttering av legar på heile Vestlandet.»

Med helsing



Jon Askeland
fylkesordførar